



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
19/55816-2

Dykkar referanse:
19/625 – 19/6055

Vår dato:
10.04.2019

Uttale til søknad om dispensasjon frå krav om felles planlegging, plankrav og for frådelling – gnr. 1 bnr. 16 Flatøy – Meland kommune

Vi viser til brev datert 15.03.2019 om søknad om dispensasjon for eigedom gnr. 1 bnr. 16 på Flatøy i Meland kommune.

Om søknaden

Saka gjeld frådelling av parsell av eigedom gnr. 1 bnr. 16, og dispensasjon frå pkt. 1.2 plankrav og pkt. 1.2.2 om krav om områderegulering i kommuneplanens arealdel for Meland kommune (KPA). Eigedomer er uregulert, men omsøkte parsell er satt av til byggjeområde for bustad, område B_19 i KPA.

Vurdering – dispensasjon frå krav om felles planlegging

I arbeidet med kommuneplanens arealdel er det satt krav om felles planlegging for område H810_6 Flatøy aust. Felles planlegging av området skal sikre heilskaplege vurderingar kring viktige samfunnstilhøve som m.a. infrastruktur og utbyggingsvolum for dei ulike delane av planområdet.

Av søknaden går det fram at tiltakshavar ynskjer fritak frå både krav om områderegulering og plankrav, slik at tiltaket kan handsamast direkte som ein byggjesak i kommunen.

Statens vegvesen er kritisk til ei dispensasjon frå krav om områderegulering. Etter vår vurdering må ein vurdere infrastruktur og tilkomst til overordna vegnett for område H810_6 samla. Samstundes må ein gjere ei overordna vurdering av utbyggingsvolum for Flatøy aust. Det vil difor vere uheldig at deler av område B_19 vert utvikla utan ei heilheitleg vurdering.

Søkjjar hevdar i brev datert 11.03.19, at fordelane ved å tillate dispensasjon frå krav til felles planlegging, ikkje utgjer ein endring i intensjonen bak føresegna. Statens vegvesen er ikkje samd i den vurderinga. Dersom området vert friteke frå krav om felles planlegging, mistar

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

ein moglegheita til å gjere ei overordna vurdering av infrastruktur og utbyggingsvolum for området.

Ei eventuell dispensasjon i denne saka kan òg få presedensverknad for andre deler av H810_6, som er vist som byggjeområde i KPA. På den måten vert heile føresegna undergreve.

Vurdering – dispensasjon frå plankrav

Statens vegvesen føreset at kommunen ikkje gir dispensasjon frå krav om felles planlegging. Vi er open for at plankravet for dei ulike områda i H810_6 kan vurderast som del av arbeidet med områdereguleringsplan. Slik saka står no, vil vi rå ifrå å gi dispensasjon frå plankravet.

Vurdering – frådelling

Ved frådelling av eigedom skal tilhøvet til transportnettet vere avklart. Etter vår vurdering er ikkje tilhøvet avklart i denne saka, og det er ikkje grunnlag for å gi løyve til frådelling.

Konklusjon

Etter vår vurdering må det gjerast ei overordna vurdering av utbyggingsvolum og infrastruktur for område H810_6, i samsvar med kravet om felles planlegging, §1.2.2 i KPA. Spørsmålet om plankrav bør vurderast som ein del av det arbeidet.

Statens vegvesen rår ifrå at kommunen gir dei omsøkte dispensasjonar, og løyve til frådelling.

Vi ber om å få kommunen sitt vedtak oversendt for klagevurdering.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Skulstad Marianne
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.